

NMBU må tilrettelegge for kennel.

Vedtatt på ST 5, 07.10.2019

For mange studentar er hund ein viktig del av kvardagen, og det er vist at selskap til ein hund har god effekt på både fysisk og psykisk helse. Studium viser at ein med kjeledyr får lågare stresshormonnivå, lågare blodtrykk, oppleving av støtte og mestringskjensle, og ikkje minst vil ein hund bidra til høgare aktivitetsnivå. I ei studentmasse der fleire kjenner på einsemd og stress, kan altså ein hund vere eit veldig godt og viktig tiltak.

I tida framover vil universitet få mange pendlarar når veterinærhøgskulen flyttar til campus Ås. Med fleire fag som krev lange skift på skule og i klinikk vil det gjere studentkvardagen med hund svært vanskeleg og stressande både for hund og student.

Å tilrettelegge for ein kennel ville letta dette for studenten. Tilgang til eit rom/bygg der hunden kan vere, og der studentane kan organisere tilsyn til dyra, ville løyst eit stort stressmoment i studiekvardagen til studentar med hund.

Studenttinget ved NMBU meiner:

- NMBU må sjå på muligheten for å sette av eit rom/bygg til student-kennel.
- Tilleggsforslag 1:
Det må stilles strenge dyrevelferdskrav til kennelen og dyrene må ha tilstrekkelig areal til å utføre naturleg atferd.
- Tilleggsforslag 2:
Det forutsettes at kennelen i all hovedsak brukerfinansieres

NMBU has to facilitate a kennel

Approved at SP 5, 07.10.2019

To many students, dogs are an important part of everyday life and it has been shown that the company of a dog has positive effects on both physical and mental health. Studies show that pets give you lower stress hormone levels, lower blood pressure, experiences of support and a feeling of mastery, not to mention that a dog will contribute to a higher level of activity. In a student body where many feel lonely and stressed, a dog can therefore be a very good and important measure.

In the time to come the university will get many commuters when the veterinary school moves to campus Ås. With several courses that require long shifts at school and in the clinic, the student everyday life with a dog will be quite stressful for both dog and student.

Facilitating for a kennel will ease things for the student. Access to a room/building where the dog can stay, and where the students can organize supervision of the animals, would solve a big stressor in the student everyday life for students with dogs.

The Student Parliament thinks:

- NMBU must look at the possibility to set aside a room/building for a student-kennel.

- Addendum 1:
There must be strict animal welfare demands to the kennel, and the animals should have adequate space to behave naturally.

- Addendum 2:
It's presupposed that the kennel will be mostly financed by its users